

” Det er svært
gledeleg at
fleire vel
yrkesfag.

Side 4

Strilen

7. AUGUST 2018

NR. 61 • ÅRGANG 56

LAUSSAL 25,-

TYSDAG



Martha (77) heia ENK gjennom Norway Cup

SIDE 10



Storstilt dugnad for sjukeheimen

SIDE 9

Populære «Oster» gjorde dampande suksess i byn:

Folkevandring for å komma om bord

SIDE 12-13




Hevar vraket etter årevis med kranjel

SIDE 2

Seier nei til søknad om flytebrygge

SIDE 5



Oppnådde ny varmerekord i juli måned

SIDE 3

Onsdagstur 8. august

Skardsveten

Turleiar: Per Lødøen, Tlf. 481 44 035
Frammøte kl 18: Bedehuset på Vollom

Masfjorden: Snaufjellet

Turleiar: Marta Midtbø, Tlf. 959 38 627
Frammøte: Hindevatnet, Hosteland

Medl. gratis/andre kr. 20,- www.bergen-turist.no/nordhordland



«Ved bryggja i Bergen d

**Historiske D/S
«Dampen» Oster
køyrde i konvoi til
Vågen i Bergen med
70 andre fartøy under
innseglinga til Fjord-
steam.**

Henrik Hauken
desk@strilen.no

D/S Oster nærmar seg ferjekaien på Salhus. Dampen sig ut frå båten frå den berømte songen. På kaien ventar passasjerane spent. Til tross for at det er skodde på sjøen, sit smila løyst. Det er ikkje så ofte ein tek dampbåt til byn no lenger.

– Mykje god historie

Besetninga tek godt imot oss. Styreleier i veteranbåtlaget og maskinsjef Tor Johannes Bjørgeas fortel med iver om D/S Oster si 110 års gamle historie. Båten blei bygga i 1908 som isbrytar, slik at kommunen ikkje vart isolert vinterstid. Den 106,1 fot lange, 21,7 fot breie og 9,7 fot djuptgåande båten samla by og bygd på ein unik måte. Sidan den tid har båten mellom anna vore på begge sider under andre verdskrig.

– Det er mykje god historie i denne båten. Eg kunne snakka i timesvis, seier Bjørgeas entusiastisk før vi går ned i maskinrommet.

Dampande varmt

Den varme dampen slår mot oss. Lyden frå stempla går taktfast. Åtte knop og full maskin på sparing. D/S Oster har eit gir til om det trengst, men det er ikkje behov for det i dag. Bjørgeas riv til seg kommunikasjonsrøret og spør om det er noko liv.

– Eg må sjekke at dei følgjer med, seier han med eit smil om munnen før han forsikrar styrerommet om at dette berre var ein test.

Maskinist Jan Ulvøy sjekkar apparata og sørger for at stempla går som dei skal. Ein gong i timen må dei smørjast med olje.

– Det er som vanleg godt og varmt her, men ein må jo gjere på noko som pensjonist!


Heimkomsten i 2000

Det at D/S Oster går på damp er etter Bjørgeas sin mening det som



GOD STEMNING: Stemninga er god i det vi kjem inn i Byfjorden og ser dei andre båtane.

Foto: Henrik Hauken



KOMMUNIKASJON: Her kommuniserer maskinsjef Tor J. Bjørgeas med styrehuset. Dersom ein skal auke eller senke farta, får maskinrommet beskjed.

Foto: Henrik Hauken



DAMP: Dampen tytt ut av pipa.

Foto: Henrik Hauken

„**Dei skreiv i
avisa at ein
kunne
salte fisk i
alle tårene**

Ragnhild Bjørgeas

gjør skipet spesielt. Det har ikkje alltid vore slik. I 1965-1966 blei «Dampen» bygga om til dieseldrivne frakteskip under namnet M/S Vaka. Etter 30 år blei M/S Vaka kjøpt av eldsjeler i Nordhordland veteranbåtlag og restaurert tilbake til dampbåt igjen. «Dampen» fekk sitt gamle namn attende.



DAR KJEM AN: Det vart glede på ferjekaien i Salhus då D/S Oster la til kai. Den hi


Heimkomsten i 2000, då D/S Oster gjekk på damp igjen for fyrste gong på 36 år, er det mest utrullege den erfarne maskinleiararen har vore med på. Den gong var det 40.000 menneske langs Vågen i Bergen. Bjørgeas jobba då på spreng i maskinrommet.

– Vi blei heia inn. Fyrst då eg kom opp forstod eg kor stort det hadde vore. Eg trur det var til det

beste at eg var i maskinrommet då, seier Bjørgeas med ein rørt stemme.

Ein som hugsar hendinga godt er kona til Tor, Ragnhild Bjørgeas. Den blide dama jobba den gong, som no, med matlagning og servering.

– Eg blei heilt rørt. Vi blei klappa inn Vågen av tusenvis av menneske. Dei skreiv i avisa at ein




FULL MASKIN: «Marsfarten er på 8 knop, sjølv om toppfarten er på nesten 10 knop»

Foto: Henrik Hauken



STYRBJÖRN: Også dei mindre båtane var på plass.

Foto: Henrik Hauken



SMØRJING: Maskinist Jan Ulvøy jobbar bra p Stempla må smørjast kvar einaste time.

ar ligg da ein båt»



storske dampbåten tok med seg passasjerar til Vågen i Bergen.

Foto: Henrik Hauken

kunne salte fisk i alle tårene, seier ho.

Berre ved å snakke om det får ho gåsehud.

D/S Stavenes sin tur i år

Fjordsteam har ofte ein ny båt på lur. I 2000 var «Dampen» hovudattraksjonen. I 2013 var det D/S Stord sin tur. I år er det D/S Stavenes sin fyrste gong for eigen

maskin.

I det vi køyrer forbi, helsar Stavenes på ekte dampvis; med fløyta. «Dampen» svarer høfleg.

– Det er kjekt å sjå ein del unge på tur som er oppteken av damp. Med stadig nye rekonstruksjonar, slik som Stavenes, kan det bidra til å auke interessa, seier maskinsjef Bjørgaas.

Veret har letta og solen gløtt

fram. Dei mange dampbåtane i Byfjorden er eit mektig syn. Det er fyrste gong sidan 50-talet at det er så mange båtar her. Stemninga er god. Ein liten piratbåt tar ein runde forbi oss. Musikk blir spelt frå ein annan båt. Dampbåtane følgjer opp med fløytemusikk. Fyrst ein nederlandsk båt, før D/S Oster svarer.

Båtane driv inn i Vågen til jubel

frå dei mange som har tatt turen til Bryggen og Torget. Både lyden og dampen forsvinn i det D/S «Dampen» Oster ligg til kai på sin faste plass på Skur 11 på Bryggen. Herr og fru Bjørgaas er samstemte om korleis det er å vere på slike turar.

– Det er heilt fantastisk!

– Me måtte ha vakter for å unngå kaos

Mange blei glade for å sjå D/S Oster og dei andre veteranbåtane under Fjordsteam i Bergen.

Erlend Nordland Kristiansen

erlend@strilen.no

– Delar av helga hadde me «stappfull» båt, og måtte ha vakt ved gangbrua for å unngå kaos.

Slik skildrar maskinsjef på D/S Oster og leiar i Nordhordland veteranbåtlag, Tor Johannes Bjørgaas, korleis helga var for han og Oster-gjengen under årets Fjordsteam i Bergen.

Med plassering ved gode gamle skur 11 låg Oster midt i smørauet for festlegheitene under veteranbåtfestivalen i Bergen. I løpet av tre-fire hektiske dagar hadde nokre tusen menneske vore innom det gamle dampskipet, som definitivt var av dei meir populære langs Vågen.


Godt hjulpen av Oster-suppa og vaflar stimla folk om bord.

– Me har eit heilt team med flittige damer som koker kjøt, suppe og lagar vaflar etter kvart som det må meir til, seier Bjørgaas.

Med gratis inngang til skipet, er det kjærkomne inntekter å henta frå herlegheitene som blir laga til i byssa.

– Lønskontoen i føretaket er heilt fráverande, så alle pengar me får inn går til Oster, så me kan halda oss flytande.

Sjølv om Fjordsteam er over, og sommaren er på hell, så er det ikkje kvilestund for Oster. I vekene framover skal skipet kjøra for «full fløyte» under Kystsogeveken.



»å i den varme dampen.

Foto: Henrik Hauken



BYFIJORDEN: Dampbåtane ligg på rad og rekke i Byfjorden.

Foto: Henrik Hauken



SLUTT FOR DENNE GONG: D/S Oster har lagt til kai. Det har vore ein fin tur.

Foto: Henrik Hauken

baksio

	SOLA	FLO	FJÆRE
TYSDAG 7. AUGUST	05:31/21:56	07:30/20:19:	01:26/14:01:
ONSDAG 8. AUGUST	05:33/21:53	08:55/21:32	02:37/15:07
TORSdag 9. AUGUST	05:36/21:50	10:06/22:31	03:41/16:06
FREDAG 10. AUGUST	05:38/21:48	11:03/23:22	04:38/17:00:

Tips oss på telefon 56 34 30 30 eller vakttelefon 97 15 10 20 - E-post: avisa@strilen.no - www.strilen.no

GODT SAGT

Gå aldri til en lege
som har døde planter
på kontoret.

Erma Bombeck

NAMNEDAGAR

7/8 Didrik og Doris
8/8 Evy, Yvonne og Yasmin
9/8 Ronald og Ronny
10/8 Lorents, Lars og Lasse

VÊRET

Opplett og overskyt tysdag. Dei neste
dagane ventar nedbør, og slik vil det vere
inn mot helga. Temperaturar over og un-
der 15 grader midt på dagen.

STINA I STØÆ

Las at det var mykje sau i veg-
bana for tida. Er det noko i
vegen med dei?



#Strilen-blinkskot



Foto: @ nordangereli



Foto: @ wenchebrandsdal



Foto: @ knappenhandleri




Foto: @ monahusebo

**Har du eit blink-
skot? Tagg det med
#Strilen.**

Det har desse gjort, og mange
andre som deler bilde på Insta-
gram.

Me vil gjerne sjå fleire slike

flotte motiv frå Nordhordland og
Gulen, og dela dei med andre
gjennom avisa.

Så knips i veg!